



Statens vegvesen Region vest
Postboks 43
6861 Leikanger

UTTALE TIL FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR FYLKESVEG 515 / 792 MILJØGATE NEDSTRAND - TYSVÆR KOMMUNE

Tysvær kommune er positiv til at det no er starta opp arbeid med miljøgata i Nedstrand.

Kommunen arbeider for tida med ein områdeplan for Stranda. Det har vore god dialog med SVV i dette arbeidet. Kommunen har saman med lokale og andre aktørar hatt eit «Strandstadutviklingsprosjekt», og forslaget om etablering av miljøgate kom opprinneleg som eit forslag frå dette arbeidet. Jfr. og det utviklingsarbeidet som er gjort i Nedstrandsområdet i regi av Nedstrand 2020 prosjektet og LUK prosjektet i Rogaland.

Grunnlagskarta som SVV har brukt er ikkje heilt oppdaterte i forhold til bygningar vest i planområdet. SVV har forklart at det har skjedd ein glipp ved utsending, og at dei har oppdaterte kart. Det kan sjåast ut som om ein har lagt grensa for museumsområde langs eit bygg som ikkje står der i dag (kor Tollboda står). Ein reknar med at dette blir retta opp i. Fortauet i frå Stuvik og ned til Stranda som no er bygd ligg ikkje der det er vist i plankartet. Kommunen har sendt over «som-bygget» data til SVV før sommarferien, og meiner at dette må justerast slik at det stemmer med verkelegheita.

Det står i planomtalen at vegen (o_SKV1) er lagt om slik at den no tilfredstill krav til sikt og stigning. Dette er ein privat veg, ikkje kommunal.

Det er ikkje ynskjeleg at delar av gbnr 184/43 skal regulerast til «Fritids- og turistformål», slik det er i planforslaget. Grensa mellom parkering/anna vegareal og fritids- og turistformål bør følgje eigedomsgrensa.

Det er kommunen som eig gbnr 184/43, og det står i dag renovasjonsbehalderar for eigedommane langs Stranda. Det er usikkert om ein ynskjer å ha avfallsdunkar ståande på dette arealet, eller korleis renoveringa i frå desse eigedommane skal føregå. Vegen (Stranda) er for smal til at renovasjonsbilen kan kjøre der.

I arbeidet med områdeplan for Stranda er det tenkt å finne areal til ein leikeplass i området. Det er ikkje bestemt kor denne skal leggest. Seksjon for idrett, park og friluftsliv har påpeika at det er ynskjeleg at ein eventuell leikeplass ligg i sentrum føre husa, lett tilgjengeleg og ope. Dette lar seg vanskeleg gjere då det er det trøngt om plassen og verneverdige miljø langs vegen. Det er derfor to areal som har vore aktuelle som leikeplass; bak «doktorbustaden» og aust for museumsbygget Stranda skule. SVV har vidareført dette i sitt forslag til plan for dei areala som ligg innafor planområdet. Sjølv om dette vil bli avklart i områdeplanen, vil

rådmannen påpeike at det er viktig at det blir sikra tilkomst, også for vedlikehald, til desse areala. Stranda skule (museumsbygg) må også ha tilkomst for varelevering.

Tilkomst til Tollboda og til ferieleilegheitskomplekset på kaien i vest bør gjerne vise i plankartet. Generelt burde tilkomst til eigedommane vore betre omtalt, det er fleire eigedommar som ikkje er nemnd i planomtala og kor det ikkje ser ut til å vere vist avkjørsel i plankart. Ved kaianlegget i aust er det teikna inn ei avkjørsel som vil kome i konflikt med dagens bensinpumpe. Det må omtalast korleis dette skal løysast.

Det står omtalt i planomtalen kvifor ein har valt løysninga med prega asfalt, men det det hadde vore ynskjeleg om ikkje alt veg- og gangareal blei asfaltert. Er det mogleg å bruke skiferplater tilsvarande dei som er planlagt utanfor Tollboda på deler av flatane, samt stadeigen stein i samband med avgrensingar og forstøtningsmurar? Dette er nemnd i planomtala. Kommunen tilrår derfor at føresegn § 3.1.1. blir endra slik at den opnar opp for at det er mogleg.

Stranda har ei rik kulturhistorie som går langt tilbake. Å ivareta desse kvalitetane samstundes som ein legg til rette for gange, sykkel, bil og kollektiv er viktig i planarbeidet. På grunn av Stranda sitt særpreg hadde det vore ynskjeleg med ein formgivningsplan, som sa noko om korleis området skulle bli sjåande ut, med omtale av materialbruk, belysning, fargebruk, etc. Dette har SVV gjort for prosjekt i Salhusvegen og Vikedal. Ein kan ikkje sjå at planomtalen seier noko om belysning i området. Det er ynskjeleg at området også skal vere triveleg å bevege seg i gjennom vinter og kveldstid.

Heile planområdet ligg innafor område med omsynssone for ras i kommuneplanen. Dette ser ikkje ut til å vere omtalt i planarbeidet. Av ROS-analyse går det fram at det er lite sannsynleg med ras og skred. I samband med arbeid med områdeplanen for Stranda skal det utarbeidast ein rapport om rasfaren i området.

Det bør ryddast i namn på arealformål. Det er fleire areal står som offentlege utan at dei er/skal vere det.

I arbeidet med områdeplanen er det ei målsetting å sikre betre adkomst til sjøen for allmennheita og «frioråde private hagar» mellom ferjekaien og butikken i aust der det er strand og ei flott blodbøk. Dette området er i så måte eit viktig område. Då dette forslaget har møtt stor motstand frå grunneigarane bør ein i detaljreguleringsplanen for miljøgata vidareføre eksisterande arealbruk. Arealbruken her og om det skal være offentleg eller privat frioråde kan avklarast endeleg i områdeplanen.

Det er i planforslaget ikkje sett av areal til venterom/toalettbygg i tilknytning til ferjekai og busshaldeplass. Det er ynskjeleg at det blir lagt inn i planen.

I samband med realisering av planen bør ein sikre at straumkablar og fiber vert lagt i bakken eller at ein legg trekkør slik at ein i framtida kan rydde i dagens luftstrekk og legge dei i bakken.

Det går fram av plandokument og møter med vegvesenet at det ikkje er midlar til å kunne realisere heile planen innafor det budsjettet ein har. Kommunen ynskjer derfor å spele inn behov for auka finansiering slik at ein i størst mogleg grad kan få realisert heile prosjektet.

Saka har vore til uttale i råd og utval i Tysvær kommune. I kommuneplanutvalet, sak 21/18, den 28.08.2018 blei, i tillegg til det som er nemn ovanfor, følgjande punkter vedtatt;

- *Kommuneplanutvalet tilrår at ein kan dispensere frå kommuneplanen sine føresegner om gangfelt på begge sider av vegen, av omsyn til at dette er eit etablert område som gjer det krevjande å ivareta dette.*
- *Kommuneplanutvalet tilrår difor at ein vurderer eit gangfelt på øvre sida av vegen, samt legg til rette for parkering på sjøsida av vegen med fartsreducerande tiltak. Ein viser i den samanheng til inngått avtale mellom Tysvær kommune og Nesheim Hauge (avtalen ligg som vedlegg til høyringa). Det er og viktig at naudsynte trafikksikringstiltak vert ivaretatt.*
- *Kommuneplanutvalet er uroa over at tilgjengelegheita til butikkane og fastbuande blir svekka i planen, og ber om at det blir sikra nok parkeringsplassar i sentrumsområdet. Ein vil i den samanheng tilrå at det vert vurdert å etablere nye parkeringsplassar for båtforeninga ut av sentrumsområdet/allmenningen med korttidsparkering for av- og på lessing, samt plass til sjøsetjing av båtar.*
- *Det er viktig at heile området blir lagt til rette slik at det kan nyttast av alle (universell tilrettelegging). Det bør vurderast om det skal lagast ledelinjer for svaksynte på strategiske stader, som til dømes område for kollektivtrafikk.*

Avtalen mellom Tysvær kommune og Nesheim Hauge blir sendt til Statens vegvesen i ein eigen forsendelse.

I tillegg til kommuneplanutvalet sin uttale, har dei ulike råda og utvala følgjande kommentarar:

Eldrerådet, sak 15/18, den 27.08.2018;

- *Eldrerådet er bekymra for at tilgjengelegheita til butikkane og fastbuande blir svekka i planen, og ber om at det blir sikra nok parkeringsplassar i sentrumsområdet.*
- *Eldrerådet vil tilrå at parkeringsplassen til båtforeninga blir vurdert flytta ut av sentrumsområdet.*

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, sak 19/18, den 27.08.2018;

- *Rådet ser positivt på framlagt plan. Det er viktig at heile området blir lagt til rette slik at det kan nyttast av alle (universell tilrettelegging). Det bør vurderast om det skal lagast ledelinjer som svaksynte på strategiske stader, som tildømes område for kollektivtrafikk. Det er og viktig at naudsynte trafikksikringstiltak blir ivaretatt. (Rådet ynskjer synfaring når arbeidet er kome godt i gang)*

Levekårsutvalet; sak 32/18, den 29.08.2018;

- *Det bør i planen tas hensyn til at Stranda er ein heilårsveg med fastbuande brukarar, og det bør i det vidare arbeidet med miljøgata leggast vekt på heilårsbruk og tilrettelegging for både fastbuande og besøkjande.*

Teknisk utval, sak 84/18, den 30.08.2018;

- *Legge til rette for:*
 - *Parkering på eigna område på sjøsida av vegen.*
 - *Ta omsyn til båtforeininga, fastbuande og dei som driv næring.*

Samla saksframstilling ligg vedlagt.

Slik ein ser det vil planen med nokre justeringar kunne løyse dei utfordringane som er i området.

Med helsing

Sigmund Lier
Ordførar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

Vedlegg

1 Samla saksframstilling uttale forslag til reguleringplan Miljøgata Nedstrand